

## ***"Herbarium vivum"*, apotekardynastiet de Besche og den vidkjende hagen deira i Bergen**

Bjarne Gudmund Thune, [bjarnethune@gmail.com](mailto:bjarnethune@gmail.com)

*"Herbarium vivum"* vart donert til Bergen Museum kring år 1900. Det lær-innbundne herbariet består av 380 sider, 320 av desse inneheld meir enn 700 planter. Boksidene er nummererte med hand. Siste sidene inneheld eit alfabetisk register. På bokfronten, prega inn i læret, finn vi årstalet 1719. Den seinare apotekaren Johan Peter de Besche reiste utanlands dette året, for å studera i Tyskland, og det er mogeleg at han anten byrja å samla inn planter sjølv eller skaffa dei på anna vis for å laga dette herbariet.

Plantene i *"Herbarium vivum"* er for det meste i god stand. Dei fleste av dei kan ha klart seg svært så bra med dei klimatiske tilhøva i Bergen. Likevel er det nokre av dei som truleg ikkje kan ha tilpassa seg dei trass alt milde vestnorske vintrane, dette gjeld til dømes fire sortar laurbær og to sortar fiken.

Apotekardynastiet de Besche, med sine røter i Liege, i dagens Belgia, far Johan, son Johan Peter og soneson Johan Carl, eigde og dreiv Svaneapoteket i Bergen frå 1688 til 1787.

Apotekarhagen til de Besche auka i storleik og kvalitet gjennom generasjonane. Kring 1780 er han nemnd som den største, finaste og best kjende hagen i Bergen by, ja, kanskje i heile landet. På denne tida var ikkje hagen lenger berre ein apotekarhage, men hadde utvikla seg til ein meir eller mindre offentleg park.

Johan Carl de Besche (1737 – 1787) fylgde førelesingane til Carl von Linné i Uppsala og korresponderte med sonen hans, Carl jr. Johan Carl forsynte dei med sjøplanter og anna av interesse for naturforskarar frå den artsrike vestlandskysten. Som takk fekk han tilsendt sjeldne og ettertrakta plantefrø frå venene sine i Uppsala.

I dette foredraget vil eg fortelja meir om *"Herbarium vivum"*, om apotekardynastiet de Besche og den eineståande hagen deira.